

Investeringsrapport per 30.09.2017



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Investeringsrekneskap per 30.09.2017

Alle prosjekt

| Proj. | Prosjektnamn | Rekneskap 2017 | Budsj 2017 -rev | Rest 2017 |
|----------------------------|--|----------------|-----------------|------------|
| DRIFTSINVESTERINGAR | | | | |
| 100 | IT-UTSTYR | 833 262 | 862 500 | 29 238 |
| 101 | IKT | 0 | 562 500 | 562 500 |
| 109 | DIGITALISERING AV EIGEDOMSARKIVET | 0 | 1 625 000 | 1 625 000 |
| 153 | ENERGIMERKING BYGG | 274 500 | 375 000 | 100 500 |
| 253 | TILBYGG GRASDAL SKULE | 30 471 594 | 34 010 000 | 3 538 406 |
| 254 | TILBYGG SAGSTAD SKULE | 27 290 924 | 49 975 000 | 22 684 076 |
| 256 | IKT-SKULAR | 220 760 | 475 000 | 254 240 |
| 257 | UTEOMRÅDE SKULANE | 26 189 | 350 000 | 323 811 |
| 258 | ROSSLAND SKULE VENTILASJON | 250 774 | 275 000 | 24 226 |
| 259 | VESTBYGD SKULE - OMBYGGING | 0 | 275 000 | 275 000 |
| 261 | UTEAREAL SAGSTAD SKULE | 10 222 | 2 000 000 | 1 989 778 |
| 262 | UTGREIING/PLANLEGGJING UNGDOMSSKULE | 0 | 625 000 | 625 000 |
| 270 | NY KOMMUNAL BARNEHAGE | 12 938 | 312 500 | 299 562 |
| 350 | UTLEIGEBUSTADER | 11 849 130 | 16 870 000 | 5 020 870 |
| 351 | OMSORGSBUSTADER | 0 | 6 200 000 | 6 200 000 |
| 354 | BALKONG OMSORGSBUSTADER MELAND RÅDHUS | 0 | 875 000 | 875 000 |
| 376 | OMSORGSTEKNOLOGI/KVARDAGSREHAB. UTSTYR MM. | 0 | 1 250 000 | 1 250 000 |
| 556 | RESTAURERING AV MEIERIBYGGET | 7 500 | 312 500 | 305 000 |
| 570 | GRAVPLASS MELAND | 308 882 | 900 000 | 591 118 |

Investeringsrekneskap per 30.09.2017

Alle prosjekt

| Proj. | Prosjektnamn | Rekneskap 2017 | Budsj 2017 -rev | Rest 2017 |
|-----------------------------------|--|-------------------|--------------------|-------------------|
| DRIFTSINVESTERINGAR FORTS. | | | | |
| 577 | BRANNVARSLINGSANLEGG KYRKJA | 384 262 | 388 000 | 3 738 |
| 578 | KJØP AV SENTRUMSAREAL | 0 | 3 500 000 | 3 500 000 |
| 579 | NYTT VARMEANLEGG OG KABELNETT KYRKJA | 22 770 | 375 000 | 352 230 |
| 580 | SKIFTE TAK KYRKJESTOVA | 0 | 250 000 | 250 000 |
| 581 | KYRKJE/KULTURHUS FREKHAUG UTGREIING OG PLANLEGGING | 95 533 | 375 000 | 279 467 |
| 756 | 2 STK SALTSPREIARAR | 0 | 187 500 | 187 500 |
| 760 | ASFALTERING KOMMUNALE VEGAR | 765 057 | 1 250 000 | 484 943 |
| 761 | TRAFIKKSIKRING | 81 963 | 612 500 | 530 537 |
| 762 | KOMMUNALE BYGG | 809 147 | 2 312 500 | 1 503 353 |
| 786 | LADEPUNKT EL-BILAR | 0 | 310 000 | 310 000 |
| 787 | FORSKOTERING UNDERG./TRAFIKKSIKR. HOLME | 0 | 3 000 000 | 3 000 000 |
| 788 | KOSTEMASKIN | 0 | 625 000 | 625 000 |
| 789 | NY DRIFTSSTASJON | 3 117 399 | 6 875 000 | 3 757 601 |
| 790 | NY PARKERINGSPLASS HURTIGBÅTKAI + GANGVEG | 2 865 469 | 2 500 000 | -365 469 |
| 791 | UTBETR.+OPPRENSK.+GANGSTI+VEILLYS MJÅTVEITTJØRNA | 0 | 562 500 | 562 500 |
| 792 | FORTAU MJØTVEITVEGEN | 104 192 | 250 000 | 145 808 |
| 793 | LADEPUNKT ELBILAR - SJUKEHEIMEN | 442 636 | 362 500 | -80 136 |
| 910 | STARTLÅN | 5 894 886 | 8 000 000 | 2 105 114 |
| 929 | OMSETNING AKSJAR OG ANDELAR | 1 123 252 | 900 000 | -223 252 |
| | | | | |
| | SUM DRIFTSINVESTERINGAR | 87 263 241 | 150 765 500 | 63 502 259 |

Investeringsrekneskap per 30.09.2017

Alle prosjekt

| Prosj. | Prosjektnamn | Rekneskap 2017 | Budsj 2017 -rev | Rest 2017 |
|-------------------------|--------------------------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| VA-INVESTERINGAR | | | | |
| 600 | VASSLEIDNING ÅDLANDSVÅGEN - LANDSVIK | 79 600 | 80 000 | 400 |
| 601 | NYTT VASSBEHANDLINGSANLEGG HESTDAL | 607 690 | 15 000 000 | 14 392 310 |
| 603 | VASSLEIDNING FLØKSAND - BEITINGEN | 1 874 900 | 1 120 000 | -754 900 |
| 606 | VASSLEIDNING LANDSVIK - ROSSLAND | 170 292 | 10 960 000 | 10 789 708 |
| 654 | VA-KRYSSING E39 | 0 | 1 140 000 | 1 140 000 |
| 662 | AVLAUPSLEIDNING HOLMEKNAPPEN - TVEIT | 77 102 | 6 700 000 | 6 622 898 |
| 663 | SEPARERING GRØNLANDSOMRÅDET | 7 785 781 | 7 830 000 | 44 219 |
| 668 | SANERING ROSSLANDSPOLLEN | 0 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| 671 | SPYLEVOGN | 240 000 | 300 000 | 60 000 |
| 674 | VA-ANLEGG MJÅTVEIT NÆRINGSPARK | 0 | 0 | 0 |
| | | | | |
| | SUM VA-INVESTERINGAR | 10 835 365 | 44 130 000 | 33 294 635 |
| | | | | |
| | SUM ALLE INVESTERINGAR | 98 098 606 | 194 895 500 | 96 796 894 |

Kommentarar til investeringsprosjekt pr 30.09.2017.

| Prosjekt | Prosjektnamn | Rekneskap totalt | Budsjett totalt | Rest totalt |
|----------------------------|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| | <p>Rapporten viser tal for rekneskap hittil i år i første kolonne, rekneskap totalt for prosjektet (uavhengig av år) i andre kolonne, budsjett totalt uavhengig av år i tredje kolonne, mens fjerde kolonne viser resterende budsjettsum uavhengig av år.</p> <p>For nokre av prosjekta er det ikkje gjort utbyggingsvedtak med spesifikk budsjetttramme ennå. Dette gjeld mellom anna prosjekt 262 - Ny ungdomsskule/basseng og prosjekt 270 - Ny kommunal barnehage. For desse er det brukt rammene i den vedtekne økonomiplanen med tillegg av mva-refusjon. Prosjekta er i utgreiingsfasen. Eigen sak om utbygging med budsjett vert fremja når prosjektet er ferdig utgreidd.</p> | | | |
| DRIFTSINVESTERINGAR | | | | |
| 253 | TILBYGG GRASDAL SKULE | 43 484 506 | 46 500 000 | 3 015 494 |
| | <p>Utbygging av Grasdal skule med ca 1050 m2 samt ombygging av eksisterande areal. Skal vere ferdig i august 2017. Tilbygget er ferdig og rehabiliteringa av eksisterande bygg vil vere ferdig i oktober. Skulen sitt 30 års jubileum vert markert med ei samling på Grasdal skule torsdag 02.11.17.</p> <p>Prosjektet har fått ekstrakostnader på grunn av nokre uforutsette ekstraavgifter. Under utbygginga har det vist seg at det har vore behov for å skifte heile undertaket på eksisterande skulebygg grunna fukt- og råteskadar. Dette har ført til ein meirkostnad på ca. 1,1 mill. Andre tilleggskostnader er: ekstra brannsikring i eksisterande bygg og etablering av ny parkeringsplass. Samla sett viser prognosane no at prosjektet vil gå ca. 1,5 mill kr over budsjett. Utbygginga på Sagstad skule er venta å gå ein del under budsjett og Rådmannen vurderar at overskotsmidlar frå prosjekt 264 Tilbygg Sagstad skule bør overførast til prosjekt 253 Tilbygg Grasdal skule. Sak om omfordeling av budsjettmidlar vil bli fremma etter utbygginga på Grasdal skule er ferdig.</p> | | | |
| 254 | TILBYGG SAGSTAD SKULE | 51 467 041 | 73 500 000 | 22 032 959 |
| | <p>Utbygging av skulen med ca 1650 m2 samt ombygging av eksisterande area. Skal vere ferdig ved årsskiftet 2017/2018. Held på med rehabilitering og innvendige arbeider. Levering av møblar og flytting av ansatte inn i den nye delen skal gjerast i november/desember.</p> | | | |
| 261 | UTEAREAL SAGSTAD SKULE | 10 222 | 2 000 000 | 1 989 778 |
| | <p>Kjøp og opparbeiding av meir uteareal for Sagstad skule. Kommunen er i forhandling med grunneigarar rundt skulen om kjøp av areal.</p> | | | |

Kommentarar til investeringsprosjekt pr 30.09.2017.

| Prosjekt | Prosjektnamn | Rekneskap totalt | Budsjett totalt | Rest totalt |
|-------------------------------------|---|-------------------|--------------------|--------------------|
| DRIFTSINVESTERINGAR - forts. | | | | |
| 262 | NY UNGDOMSSKULE/BASSENG | 0 | 313 125 000 | 313 125 000 |
| | <p>(Prosjektbudsjett ikkje vedteke)</p> <p>Ny ungdomskule med basseng på Frekhaug. Budsjett slik det vart vedteken i revidert økonomiplan 2017-2020 i kommunestyret sak 115/2016 den 14. des. 2016. Kr 0,5 mill til utgreiing i 2017, kr 100 mill i 2018 og kr 150 mill i 2019, til saman kr 250,5 mill. ekskl. mva. Totalt inkl. mva vert dermed prosjektbudsjettet på kr 313,1 mill. kr.</p> <p>Sak om vidare planarbeid har vore oppe i formannskapet 31. mai. Reguleringsplanarbeidet er starta opp, jf. FS-sak 101/2017.</p> | | | |
| 270 | NY KOMMUNAL BARNEHAGE | 374 938 | 112 812 500 | 112 437 562 |
| | <p>Ny kommunal barnehage på Frekhaug. Totalbudsjett inkl. mva er slik det vart vedteken i økonomiplanen i sak 115/2016, med tillegg av mva-refusjon, sum kr 112,8 mill.</p> <p>Plassering av ny barnehage i Langelandsskogen krev at det vert utarbeidd reguleringsplan for området. Sak om vidare planarbeid har vore oppe i formannskapet 31. mai. Reguleringsplanarbeidet er starta opp, jf. FS-sak 101/2017.</p> | | | |
| 350 | UTLEIGEBUSTADER | 11 849 130 | 16 870 000 | 5 020 870 |
| | <p>Gjeld kjøp av kommunale utleigebustader for vanskelegstilte.</p> <p>Kjøpt to rekkehus på Mjåtveit og ein bustad på Holme. Planlegg å kjøpe 2-3 fleire bustader i løpet av 2017.</p> | | | |
| 351 | OMSORGSBUSTADER | 0 | 6 200 000 | 6 200 000 |
| | <p>Gjeld kjøp/bygging av omsorgsbustader.</p> <p>Midlane som er avsett i 2017 er til bygging av spesialtilpassa bustad. Det har vore vanskeleg å finne eigna område for ein slik bustad, og i mellomtida har det blitt gjort noen midlertidige driftstiltak og mindre grep i eksisterande bygg i ein overgangsperiode. Midlane som er avsett i 2017 vert føreslått flytta til 2018.</p> | | | |
| 376 | OMSORGSTEKNOLOGI/KVARDAGSREHAB. UTSTYR MM. | 0 | 1 250 000 | 1 250 000 |
| | <p>Tilleggspunkt i Kommunestyret sitt budsjettvedtak. Kr 1,0 mill av disposisjonsfondet bevilga til prosjektet. Alt lagt inn som investering, med tillegg av mva-refusjon, tilsaman kr 1,25 mill. Viser seg at kr 400.000,- må overførast til drift, og vi må derfor redusere investeringsbudsjettet med kr 400.000,- pluss 100.000,- i mva.refusjon. Midlane (ekskl. mva-refusjonen) vert å fordele på driftsbudsjettet til sjukeheimen og heimetenestene for å dekke kurs og opplæring.</p> | | | |

Kommentarar til investeringsprosjekt pr 30.09.2017.

| Prosjekt | Prosjektnamn | Rekneskap totalt | Budsjett totalt | Rest totalt |
|-------------------------------------|---|------------------|-------------------|-------------------|
| DRIFTSINVESTERINGAR - forts. | | | | |
| 570 | GRAVPLASS MELAND | 659 642 | 25 000 000 | 24 340 358 |
| | Utviding av gravplass ved Meland kyrkje. Før bygging må det utarbeidast ein reguleringsplan for området. Område som er avsatt i kommuneplanen til ny gravplass er utfordrande å bygge ut grunna høg grunnvasstand. Det er gjennomført ei moglegheitsstudie som har sett på andre areal rundt kyrkja. Foreløpig er det vurdert at det best eigna arealet er det som allereie er regulert og ikkje bygd ut sist gravplassen vart utvida. I utgangspunktet hadde kommunen gått vekk frå å utvide dette arealet pga at arealet er for bratt, men det vert no utgreidd om det kan etablerast ein ny tilkomst og parkeringsplass, som i stor grad kan løyse problemet med manglande universell utforming. Ei slik løysing vil også kunne betre tilkomst til eksisterande gravplass. | | | |
| 578 | KJØP AV SENTRUMSAREAL | 0 | 3 500 000 | 3 500 000 |
| | Kjøp av areal for mellom anna kyrkjetomt på Frekhaug. Kommunen er i forhandlingar med grunneigar. | | | |
| 789 | NY DRIFTSSTASJON | 3 117 399 | 13 750 000 | 10 632 601 |
| | Etablering av ny driftsstasjon for kommunen sine driftsmannskaper. Kommunen har kjøpt tomt i Mjåtveit næringspark. Det vil bli anbodsinnhenting på bygget i haust og oppstart av byggearbeider over nyttår. | | | |
| 790 | NY PARKERINGSPLASS HURTIGBÅTKAI + GANGVEG | 2 865 469 | 2 500 000 | -365 469 |
| | Parkeringsplass ved Varnappen reinseanlegg til bruk for pendlarar og brukarar av Badevika. Parkeringsplassen er ferdigstilt. Ladepunkt for elbilar er ikkje på plass enno. Årsaka er at BKK først må utgreie om straumnettlet må forsterkast. Gangvegen er under arbeid, og det er varsla ei overskriding på mellom 0,5 - 0,75 mill kr. Hovudårsaka er dårlege grunnforhold som har ført til behov for meir enn dobbelt så mykje muring som først antatt. Administrasjonen vil undersøke om det er mogleg å få meir tilskot frå fylkeskommunen. Gangvegen er planlagt ferdigstilt i månedsskiftet oktober/november. | | | |
| 793 | LADEPUNKT ELBILAR - SJUKEHEIMEN | 442 636 | 562 500 | 119 864 |
| | Etablering av ladepunkt for elbilar i garasjen på Meland sjukeheim. Vil mogleggjere bruk av elbilar for heimetenestene. Ladepunkta er ferdig installert. Det har vore gjennomført testing av ladepunkta, og dei fungerer no slik dei skal. | | | |

Kommentarar til investeringsprosjekt pr 30.09.2017.

| Prosjekt | Prosjektnamn | Rekneskap totalt | Budsjett totalt | Rest totalt |
|-------------------------|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| VA-INVESTERINGAR | | | | |
| 601 | NYTT VASSBEHANDLINGSANLEGG HESTDAL | 1 003 318 | 63 000 000 | 61 996 682 |
| | Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal med fullreinsing for å sikre at kommunen kan levere nok vatn av god kvalitet. Held på detaljprosjektering av anlegget. Mellom anna må det avklarast korleis avlaupet frå anlegget skal handterast. Sannsynlegvis må avlaupet gå til sjø, noko som vil krevje utbygging av eit nytt avlaupsnett frå Hestdal til Moldekleiv. Sjølve bygginga av vassbehandlingsanlegget vil bli delt opp i fleire entrepriser, og første anbodsinnhenting vil bli gjort i haust. | | | |
| 603 | VASSLEIDNING FLØKSAND - BEITINGEN | 14 053 203 | 13 995 000 | -58 203 |
| | Bygging av ny vassleidning frå Fløksand til Beitingen. Prosjektet vart ferdigstilt ved årsskiftet, men grunna konflikt med entreprenør vart ein ikkje einig om sluttoppgjeret før i mai. Dette har ført til at rekninger som var budsjettert betalt i 2016 istadenfor vart betalt i 2017. | | | |
| 606 | VASSLEIDNING LANDSVIK - ROSSLAND | 309 508 | 27 200 000 | 26 890 492 |
| | Prosjektet vil bli føreslått utsatt i ny økonomiplan investering. Årsaka er at ny modellering av vassnettet i kommunen viser at det er andre prosjekt som heller bør gjennomførast dei næraste åra for å sikre god vassforsyning. | | | |
| 662 | AVLAUPSLEIDNING HOLMEKNAPPEN - TVEIT | 180 324 | 11 800 000 | 11 619 676 |
| | Bygging av avlaupsanlegg mellom Holmeknappen og Tveit. Ny vassleidning vil også vere ein del av det samla prosjektet. Held på med prosjektering av anlegget. Grunna utfordringar med kulturminnelandskapet rundt Holmeknappen har det vore behov for å vurdere ulike løysingar for utforming av anlegget. Dette har gjort at planlegging av anlegget har teke lengre tid enn venta. | | | |
| 663 | SEPARERING GRØNLANDSOMRÅDET | 18 322 117 | 18 366 000 | 43 883 |
| | Separering av kloakk og overvatn i Grønlandsområdet samt utskifting av vassleidning. Anlegget er ferdigstilt. | | | |